



Uskedalen treng fleire buss-skur. Saka blir teke opp under møtet i Gamleskulen tysdag kveld.

Det er tysdag kveld klokka 20 det første møte i det nye Dialogforumet til Uskedalen Utvikling vert halde i Gamleskulen og på førehand er fem saker meldt inn. Prosjektleder Kristian Bringedal håpar på godt frammøte slik at det blir eit matnyttig møte.

Buss-skur trengs fleire stader, særleg nedafor Halsabrotet og i Korsneset og Harald Sunde og Kjetil Hauge har meldt inn dette temaet..

Steinar Haugland tar opp forbetringar og fordeling av ansvar for turveggar i nærområdet og merka stiar til fjells og Tore Mathiesen vil veta når det kjem breiband til brukarar oppe i dalen (Haugland, Musland og Friheim).

Magne Huglen og Kristian Bringedal kjem inn på den tradisjonelle, felles profilering av Sommarbygda Uskedalen.

Huglen og Ola Matti Mathisen spør kva vi kan gjera for tilflyttarane og nyetablerarane som vi har fått i bygda i den seinare tid.

Dei siktar då ikkje minst til dei som har kome frå ulike land.